



Arkivnr: 2016/1940-63

Saksbehandlar: Roald Breistein

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

**Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Del2**Bakgrunn for saka:**Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 08/2018 i møte 06.03.2018:**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Etablere ein tydeleg definisjon av oppdragsverksemd/forretningsdrift, irekna tydeleggjering av forholdet mellom skulane sine lovpålagede oppgåver og oppdragsverksemd, og sikrar at definisjonen blir gjort kjent på skulane.
2. Utarbeide ei overordna og felles retningsline knytt til forretningsdrift som slår fast prinsipp og forventingar til rektorane knytt til forretningsdrift ved skulane.
3. Sikre at rektorane sitt ansvar for økonomistyring i eiga eining går tydeleg fram av delegeringsreglement og/eller andre relevante styringsdokument.
4. Etablere, og halde ved like, ei oversikt over forretningsdrifta ved dei ulike skulane.
5. Utarbeide, og/eller revidere eksisterande retningsliner og rutinar som skal sikre tilstrekkeleg internkontroll knytt til forretningsdrift, irekna:
  - a) korleis forretningsdrift skal bli budsjettert
  - b) kva oppdrag skulane kan utføre og korleis utvalsprosessen bør bli dokumentert
  - c) første fase av oppdragsfakturering som skulen er ansvarleg for
  - d) riktig fordeling av kostnader knytt til oppfølging av mva
  - e) eit rekneskapsmessig skilje mellom skuledrift og forretningsdrift som sikrar at det ikkje skjer kryss-subsidiering
  - f) rutinar for prissetting og kva prissettingsprinsipp som skal bli lagt til grunn av skulane.

6. *Gjennomgå praksisen knytt til forretningsdrift/oppdragsverksemd ved skulanæ, og vurdere om det er behov for ytterlegare tiltak for å sikre at kryss-subsidiering og ulovleg offentleg støtte ikkje førekjem.*
7. *Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.05.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

**Kontrollutvalet handsama handlingsplan i tråd med punkt 7 i vedtaket over i møte 04.06.2018 og det vart gjort slikt vedtak:**

1. *Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon innan Forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2.*
2. *På bakgrunn av handlingsplanen ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.12.2018.*

**Kontrollutvalet handsama oppfølging frå fylkesrådmannen i tråd med punkt 2 i vedtaket over i møte 11.02.2019 og det vart gjort slikt vedtak:**

1. *Kontrollutvalet har merka seg at det for dei fleste oppfølgingspunkta er sett frist for å vera ferdig med forbettingsarbeidet til siste kvartal 2019, som ein del av arbeidet med utvikling av nye rutinar for Vestland fylkeskommune.*
2. *Kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 12.08.2019. Tilbakemeldinga må innehalde korleis forbettingspunktene, som er tenkt skal inngå som ein del av arbeidet med nye felles rutinar i fylkessamanslåinga, så langt er handtert.*

#### Drøfting:

Sekretariatet har motteke notat dagsett 16.08.2019 frå fylkesrådmannen med status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen. Vi har m.a. merka oss at mykje av forbettingsarbeidet er vurdert i delprosjekt DP 1.4 som er ei førebuing av rutinar til Vestland fylkeskommune. Rapport etter dette arbeidet skal handsamast i Fellesnemnda 18.09.2019. Vi har vidare merka oss at det står lite konkret i tilbakemeldinga om det som går på oppdragsverksemd/forretningsdrift i vidaregåande skular. Det går også fram av tilbakemeldinga at sluttføringa av forbettingsarbeidet etter denne forvaltningsrevisjonen vil føregå utover hausten 2019.

Vi meiner det er viktig å få på plass gode rutinar når det gjeld innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular i den nye fylkeskommunen. Det kan difor vera ein ide at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune vert utfordra på å komme med tilbakemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020 på korleis desse forbettingspunktene er ivareteke i den nye fylkeskommunen.

#### Konklusjon:

På bakgrunn av det som går fram over, vert det tilrådd at kontrollutvalet ber fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune arbeide vidare med forbettingspunktene som ein del av arbeidet med førebuinga til fylkessamanslåinga frå 01.01.2020.

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet anmoder fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, om å komme med tilbakemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020, på korleis forbettingspunktene i forvaltningsrevisjon innan «Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – del 2» er ivareteke i den nye fylkeskommunen. I denne tilbakemeldinga må det også gå fram konkret korleis ein har løyst det som går på oppdragsverksemd/forretningsdrift.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune arbeide vidare med forbetringspunktene etter forvaltningsrevisjon innan «Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – del 2», som ein del av arbeidet med førebuinga til fylkessamanslåinga frå 01.01.2020.
2. Kontrollutvalet anmoder fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, om å komme med tilbakemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020, på korleis forbetringspunktene i forvaltningsrevisjon innan «Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – del 2» er ivaretake i den nye fylkeskommunen. I denne tilbakemeldinga må det også gå fram konkret korleis ein har løyst det som går på oppdragsverksemd/forretningsdrift.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Status- Oppfølging handlingsplan for forvaltningsrevisjon - forretningsdrift i vidaregåande skular del 2